# AURLAND KOMMUNE

# Årsmelding 2017



(Foto: Bjørn Andresen, Statens Vegvesen)

# Årsmelding 2017 – Aurland kommune

## Innhold


**Innleiing** ... 3

**Kommunebarometeret – hovudanalyse 2017** ... 4

**Kommunen som verksemd** ... 5

**Folkevalde** ... 11

**Rådmannsfunksjonane** ... 12

**Nøytrale inntekter/kostnader** ... 14

**Kultur** ... 16

**Aurland barne- og ungdomsskule** ... 19

**Flåm barnehage** ... 21

**Vangen barnehage** ... 22

**Flåm skule** ... 23

**Helse og Førebygging** ... 25

**NAV Aurland** ... 27

**Aurland og Lærdal barnevern** ... 28

**Pleie og omsorg** ... 29

**Teknisk** ... 31

**Sentrale nøkkeltal og rekneskapsskjema** ... 32

# Innleiing

Rådmannen i Aurland legg med dette fram årsmelding for 2017. Rekneskapen for 2017 blir lagt fram i eigen rapport. Dokumentet skal stetta dei krav kommunelova set i høve rapporteringa til kommunestyret. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultat. Kommunelova sitt rapporteringskrav går fram av §48 i kommunelova.

2017 i Aurland kommune er i det store og heile gjennomført som planlagt. Resultat for tenester, forvaltningsarbeid og gjennomføring av særskilte tiltak i 2017 er bra samsvarande med budsjett. Rådmannen er likevel ikkje nøgd med kommunen sitt korrigerte netto driftsresultat på 0,25%. (I kommunebarometeret som vert kommentert seinare er det opplyst at netto driftsresultat er 2,5 %. Skilnaden skuldast at Aurland Hamnevesen inngår i dette.) 0,25 % er for svakt, og må styrkast i 2018. I 2017 vart korrigert nettoresultat 655.455 kroner. Det burde vere på minimum 8 mill. kroner. I samband med budsjetthandsaminga hausten 2016 vart det klart at kommunen ville få reduserte inntekter på om lag 12. mill. kroner i 2017. Dette skuldast reduksjon i eigedomsskatten frå kraftverk. Stor inntektssvikt vart ikkje møtt med tilsvarande reduksjonar i drifta, og om lag 9 mill. kroner i forventa utbyte vart tilført driftsbudsjettet for 2017. I tillegg til dette har aktiviteten i kommuneorganisasjonen vore «all time high» med eit svært stort investeringsbudsjett og store krav til planarbeidet. Rekneskapsmessig balanse vart difor rådmannen sin overordna mål for 2017.

På enkelt-områder og for nokre tiltak er det avvik i ressursbruk og framdrift, men etter rådmannen sin vurdering kan resultat og gjennomføringsgrad seiast vera tilfredsstillande.

Investeringsrekneskapen blei gjort opp med heile 89.386 mill. kroner for i 2017. Budsjettet var på 79.913 mill. kroner. Avviket skuldast i all hovudsak prosjekt som har raskare framdrift enn forventa. Renovering av symjebasseng og bygging av terapibad er eit av dei prosjekta dette gjeld. I tillegg viser utbetalingar i samband med oppattbygging etter flaumen avvik frå det budsjetterte.

Tal årsverk frå 2016 til 2017 er redusert. 31.12.17 var det totalt 203 årsverk i kommunen. Prosjektstillingar er oftast engasjement og er inkludert i totale årsverk. Ved utgangen av 2017 er det minst tre årsverk som er prosjektfinansierte stillingar. Tal årsverk inkluderer stillingar det tilsette har permisjon med lønn. Dette kan vere både foreldrepermisjon og utdanningspermisjon.

Tal lærlingar ved utgangen av 2017 var 6. Talet inkluderer lærlingar i første og andre år av læretida. Aurland kommune gjennom Sogn regionråd inngått intensjonsavtale om minst ein lærling per 1000 innbyggjarar. Aurland kommune er godt innanfor denne målsettinga.

Den total kvinneandelen i kommunen er 73%. 4 av 12 tenesteleiarar og administrative leiarar i Aurland kommune er menn. Dette gjev ein kvinnedel på 67%. Det er ikkje gjennomført tiltak i 2017 for å betre rekruttering av menn.

Dei samla sjukefråværstala for kommunen er svært gode. Samanlikna med andre kommunar var Aurland kommune lågast i landet. Dette gjeld perioden 2. kvartal 2016 til til 1. kvartal 2017. I tilsvarande statistikk frå 2. kvartal 2017 til 1. kvartal 2018 var kommune nummer 8 i landet.

Tenesteleiarane har skrive kommentarar til sine tenesteområde med fokus på teneste, personalressursar og økonomi.

Aurland 17. mai 2018

Steinar Søgaard (rådmann)

Reidar Johnsen (økonomisjef)

# Kommunebarometeret – hovudanalyse 2017

## Utvikling over tid (sammenliknbar serie)

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nøkkeltallene alene | 318 | 4 | 40 | 253 | 114 | 249 | 277 | 33 | 85 |
| Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger | 217 | 5 | 192 | 368 | 259 | 363 | 365 | 150 | 235 |
| Grunnskole | | | | | | 113 | 218 | 28 | 40 |
| Pleie og omsorg | 300 | 385 | 352 | 290 | 211 | 227 | 106 | 71 | 167 |
| Barnevern | | | | 356 | 226 | 379 | 379 | 201 | 277 |
| Barnehage | 115 | 288 | 21 | 203 | 122 | 81 | 275 | 105 | 263 |
| Helse | | 41 | 126 | 42 | 45 | 335 | 152 | 261 | 207 |
| Sosial | | | | 343 | 345 | | | 126 | |
| Kultur | 9 | 3 | 3 | 5 | 5 | 4 | 7 | 6 | 4 |
| Økonomi | | | 58 | 105 | 23 | 115 | 84 | 72 | 128 |
| Kostnadsnivå | | | | 428 | 418 | 426 | 420 | 424 | 413 |
| Miljø og ressurser | | 42 | | 18 | 191 | 99 | 25 | 321 | 205 |
| Saksbehandling | | | 55 | | 41 | 70 | | 113 | 103 |
| Vann, avløp og renovasjon | | | | 46 | 13 | | 64 | 17 | 2 |

Plasseringene i denne tabellen er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2018-barometeret. Plasseringene vil derfor AVVIKE fra det som ble rapportert for ett eller flere år siden. På den annen side er tidsserien så sammenliknbar som det er mulig å få den.

«Plasseringen er foreløpig, ettersom en del data først blir publisert i juni. Hvis vi ser bort fra kommunenes ulike økonomiske utgangspunkt, kommer Aurland på en 85. plass. Nøkkeltallene er omtrent som forventet ut fra økonomiske forutsetninger. Endelig tabell blir offentliggjort 28. juni.

Aurland er helt i toppsjiktet innen vann, avløp og renovasjon og kultur. Kommunen er også inne på Topp 100-lista hva gjelder grunnskole. Kommunen har sin svakeste plassering innen enhetskostnader (413. plass).

Grunnskolen: Avgangskarakterene på 10. trinn i Aurland har vært helt i norgestoppen de siste fire årene. Resultatene i fjor var litt svakere enn hva elevene har prestert de foregående årene. På ungdomsskolen oppfyller 56 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene. Snittet for hele landet er 68 prosent.

Pleie og omsorg: I de beste kommunene har en langt høyere andel ansatte fagutdanning enn det som er tilfellet i Aurland kommune. Landsgjennomsnittet ligger på 74 prosent. Andelen er en god del lavere nå enn for ett år siden. Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen en middels andel plasser avsatt til demente. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sykehjem er demente. I Aurland er 42 prosent av plassene ment for demente. Kommunene skal gi et tilbud til funksjonshemmete også utenom arbeid og studier. I Aurland er det hele 86 prosent som har fått oppfylt sitt behov, en høy andel. Snittet i Kommune-Norge er 60 prosent.

Barnevern: Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Aurland ganske høy målt mot resten av landet. Kommunen har en god statistikk for saksbehandlingen i barnevernet. Kommune-Norge har blitt bedre de siste årene, snittet er nå 87 prosent. Vi har ikke oppdaterte tall for hvor stor andel av barna i barnevernet som er plassert i fosterhjem eller institusjon. Snittet i Kommune-Norge er 27 prosent.

Barnehage: Bemanningen i barnehagene i Aurland er god målt mot de fleste andre. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. Snittet er 6 barn per årsverk. 41 prosent av ansatte i kommunale barnehager har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 36 prosent. En liten andel av dem som jobber i barnehagene i Aurland er menn. Hva skal til for å nærme seg de beste kommunene? 67 prosent av barna med minoritetsbakgrunn går i barnehage, ifølge tallene. Hvordan kan andelen bli høyere? Snittet for landet er 77 prosent. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

Helse: Legedekningen i Aurland er høy. Kommunestørrelse har stor betydning på dette punktet. Det er ledig plass på 67 prosent av fastlegelistene. Vi har ikke oppdaterte tall for antall helsesøstre i kommunen. Hvis kommunen står oppført med null i statistikken, er den sannsynligvis feil og vi har ignorert tallet. Målt mot folketallet er det ikke mange kommuner som har færre ansatte enn Aurland som er registrert med videreutdanning innen psykisk helsearbeid.

Økonomi: Korrigert netto driftsresultat var på 2,4 prosent i Aurland i fjor. Det er bra, i likhet med veldig mange andre kommuner. Snittet for hele landet ligger på 3,5 prosent. Aurland havner på 218. på denne tabellen for 2017. Målt over de siste fire årene har driften gått i pluss. Netto renteeksponert gjeld er knapt merkbar i kommuneregnskapet. Snittet er 45 prosent. Investeringsnivået har vært omtrent middels i Aurland de fire siste årene.

Kostnadsnivå: Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Aurland er blant de høyeste i landet, og er på 410. plass på denne tabellen. Innen pleie og omsorg er kommunen blant de dyrest drevne i landet. Aurland driver barnehagene dyrere enn de aller fleste andre kommuner.»

# Kommunen som verksemd

**1. Tal årsverk og tilsette:**

| | **Pr. 31.12.14** | | **Pr. 31.12.15** | | **Pr. 31.12.16** | | **Pr.31.12.17** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal årsverk | Tal tilsette |
| **SUM** | 198 | 256 | 205 | 264 | 208 | 272 | 203 | 263 |
| Lærlingar | - | 4 | - | 3 | - | 5 | - | 6 |
| Tal tilsette med heil eller delvis lønna permisjon | 0,55 | 1 | 4,77 | 8 | 4,87 | 9 | 3,73 | 9 |
| Engasjement og vikar i vakant stilling | 9 (5%) | 34 | 8 (4%) | 24 | 8 (4%) | 19 | 11 (5%) | 21 |

Kjelde: Aurland kommune, Visma HRM

Tal årsverk totalt har auka noko frå 2014 til 2017. Tal årsverk frå 2016 til 2017 er redusert. 31.12.17 var det totalt 203 årsverk i kommunen. Prosjektstillingar er oftast engasjement og er inkludert i totale årsverk. Ved utgangen av 2017 er det minst tre årsverk som er prosjektfinansierte stillingar. Tal årsverk inkluderer stillingar det tilsette har permisjon med lønn. Dette kan vere både foreldrepermisjon og utdanningspermisjon.

Tal lærlingar ved utgangen av 2017 var 6. Talet inkluderer lærlingar i første og andre år av læretida. Aurland kommune gjennom Sogn regionråd inngått intensjonsavtale om minst ein lærling per 1000 innbyggjarar. Aurland kommune er godt innanfor denne målsettinga.

Tal tilsette inkluderer fast tilsette, tilsette i vikariat, engasjement, tilkallingsavtaler og tilsette med lønna permisjon.

**2. Stillingsprosent og alderssamansetning**

Fleirtalet av kommunalt tilsette er medlem av Kommunal landspensjon (KLP). Lærarar i undervisningsstillingar er innmeldt i Statens Pensjonskasse (SPK). Årsrapport frå KLP syner at gjennomsnittsalderen på tilsette som er innmeldt i KLP har gått ned frå 2013 til 2017. Gjennomsnittleg arbeidstid (faktisk stillingsprosent) har vore relativt stabil og ligg på 67,49%. I desse tala er ikkje undervisningspersonale og sjukepleiarar med. Uføretala i kommunen har gått ned dei siste åra.

## Utvikling nøkkeltall, Aurland kommune

**Kommuner og bedrifter**

| Dato | Gj.snitts-alder | Gj.snitt pensjons-grunnlag pr aktiv | Gj.snitt pensjons-grunnlag pr årsverk | Gj.snitt aktuell deltid | Uføreandel | Uføreandel per årsverk | Kvinneandel | Aktive |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 31.12.2013 | 44,45 | 278 253 | 411 713 | 66,85% | 12,74% | 9,25% | 76,19% | 252 |
| 31.12.2014 | 43,30 | 290 801 | 406 480 | 66,58% | 13,81% | 10,48% | 76,73% | 245 |
| 31.12.2015 | 43,37 | 298 827 | 416 425 | 67,30% | 11,57% | 7,62% | 75,29% | 259 |
| 31.12.2016 | 42,51 | 325 232 | 426 433 | 71,56% | 8,89% | 7,05% | 73,12% | 253 |
| 31.12.2017 | 42,71 | 319 415 | 436 738 | 67,49% | 7,78% | 6,61% | 76,47% | 255 |

**Sykepleiere**

| Dato | Gj.snitts-alder | Gj.snitt pensjons-grunnlag pr aktiv | Gj.snitt pensjons-grunnlag pr årsverk | Gj.snitt aktuell deltid | Uføreandel | Uføreandel per årsverk | Kvinneandel | Aktive |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 31.12.2013 | 45,68 | 394 652 | 448 665 | 87,18% | 13,04% | 10,13% | 100,00% | 20 |
| 31.12.2014 | 46,74 | 406 393 | 467 950 | 85,89% | 13,64% | 9,37% | 95,24% | 21 |
| 31.12.2015 | 47,59 | 405 140 | 474 815 | 84,32% | 9,09% | 5,20% | 95,45% | 22 |
| 31.12.2016 | 46,46 | 422 427 | 485 794 | 86,20% | 8,70% | 5,26% | 95,65% | 23 |
| 31.12.2017 | 50,39 | 428 424 | 513 024 | 82,42% | 8,33% | 5,27% | 95,83% | 24 |

KLP

**Kjelde: KLP, 14.02.18**

Årsrapporten frå KLP syner at gjennomsnittsalderen på sjukepleiarar i kommunen har auka frå 46 år til 50 år i perioden frå 2013 til 2017. Uføretala for sjukepleiarar har gått ned. Kvinneandelen var 100% i 2013. Denne var 96% ved utgangen av 2017.

Gjennomsnittsalder for tilsette i grunnskulane bli vist i tabellen nedanfor.

| Tenester | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Grunnskule | 54 år | 52 år | 53 år | 50 år |

Kjelde: Aurland kommune, Visma HRM

Pr 31.12.17 er 10 tilsette ved grunnskulane 60 år eller meir. Det er generelt høge stillingsprosentar i undervisningsstillingar og noko deltid på SFO og merkantile stillingar.

**3. Utviklingsarbeid:**

*Heiltid/deltid*

I samband med overgang til årsplan (årsturnus) i pleie og omsorg har det vore jobba med å auke stillingsprosent for tilsette. Innan kultur er det framleis ein del mindre stillinga og ein del tilsette som jobbar deltid og/eller har fleire arbeidsplassar i kommunen. Det er ikkje gjennomført noko kartlegging av ufrivillig deltid i 2017.

*Kompetanseutvikling:*

Det blir gjennomført tiltak for kompetanseutvikling på to nivå: overordna og i einingane. I sum blir det gjennomført mange tiltak, alt frå deltaking på korte kurs/seminar til meir omfattande etter-/ vidareutdanning. Det blir og gjennomført interne kurs. I tillegg deltek mange i fagnettverk. I sum er aktiviteten høg og dette er viktig i arbeidet med kontinuerleg kvalitetsutvikling.

Tiltak som blir gjort i/av regi av einingane er skildra under det einskilde tenesteområdet. Av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

Fellestiltak:
Nye leiarar har gjennomført KS sitt leiarprogram «Ny som leiar i kommunen».

I samband med innføring og oppgradering av IKT-system er det gjennomført internopplæring.

Helse/Omsorg
Innan helse og omsorg har vidareutdanning i akuttmedisin, prosjekt kvardagsrehabilitering og motiverande intervju har vore prioritert bruk av kompetansefondet. Prosjekt kvardagsrehabilitering er utsett og blir starta opp i 2018.

Barnevern:
Barnevernstenesta og overordna leiing har delteke i læringsnettverk i regi av KS. Som ein del av nettverksarbeidet er det utarbeidd ein tenesteanalyse som skal ligge til grunn for det vidare utviklingsarbeidet i barnevernet.

Oppvekst:
Nye kompetansekrav og gode statlege støtteordningar har vore medverkande til at vidareutdanning av lærarar er prioritert.

*Organisasjonsutvikling:*
Innanfor organisasjonsområdet har omstilling i pleie og omsorg og oppfølging av bemanningsplan for administrativ leiing, stab- og støttefunksjonar vore to hovudområde i 2017.

*HMS/IA*
Aurland kommune har kjøpt bedriftshelsetenester frå Stamina Helse AS i 2017. Bedriftshelsetenester er nytta i samband med kartleggingar, kurs og i samband med gjennomføring av tiltak.

Arbeidsmiljø har vore tema i leiaropplæring og i møte med tillitsvalde og verneombod. Det er i løpet av året er det gjennomført kurs i risikovurdering og medlemmar i arbeidsmiljøutvalet og verneombod deltok på temadag om AMU-arbeid. På IA-dag var førebygging av konflikt og konflikthandtering og sjukefråværsoppfølging var sentrale tema.

Det er gjort ein del systemrevisjon i løpet av året.

Tilsettedagen vart gjennomført 27.oktober. Tema for dagen var endring og omstilling. Anders Nordengen var føredragshaldar.

**4. Årshjulstiltak:**

*Leiardialog/medarbeidarsamtalar*
Rådmann har månadlege møte med tenesteleiarane (Leiarforum). Det er i tillegg etablert sektorvise møteplassar/nettverk for å betre samordning på tvers av tenesteeiningane. Rådgjevarar i stab har hatt faste stabsmøte i 2017.

Det blir gjennomført årlege medarbeidarsamtalar på dei fleste einingar. Rådmannen forventar at alle tilsette får tilbod om medarbeidarsamtale minimum anna kvart år.

*Vernerundar*
Rådmann forventar at behov for vernerundar blir vurdert årleg og at vernerunde blir innarbeidd som tiltak i dei einingsvise HMS-planane.

*Brukarundersøkingar*
Det er gjennomført brukarundersøking for barnevernstenesta.

*Skule/elevundersøkingar*
Skulane gjennomfører årlege trivselsundersøkingar. Det er i tillegg gjennomført Ungdata undersøking i 2017. Resultatet er presentert for føresette på foreldremøte.

*Lærlingar*
Aurland kommune har hatt læringar i helsefag og i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Pr 31.12.17 var det 6 lærlingar i kommunen (jf. tabell under punkt 1).

*Sysselsetting/arbeidsutprøving*
Arbeidsmiljøutvalet har sett som mål at kommunen skal jobbe for å hindre «utanforskap». Konkret blir det forventa at alle einingar samarbeider med Nav om arbeidstrening. I 2017 har kommunen samarbeidd med Nav om både arbeidstrening og språkpraksis. Krav til kunngjering av ledige stillingar og kvalifikasjonsprinsippet i hovudtariffavtala er truleg til hinder for rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne til offentleg sektor.

*Sommarjobbar for ungdom, elev- og studentpraksis*
Både teknisk og pleie og omsorg rekrutterer ungdom til sommarjobb. Kommunen har i tillegg hatt elevar frå vidaregåande skule på utplassering ein dag i veka og studentar i praksis i løpet av året.

*Seniorpolitikk og livsfasetilpassing*
Kommunen har ikkje vedteken seniorpolitikk og livsfasetilpassing. Tilsette som søkjer redusert arbeidstid får søknad vurdert etter vilkåra i arbeidsmiljølova. Pr. 31.12.17 hadde 14 tilsette redusert stilling.

*Pensjon*
Tilsette, født før 1958, og som er medlem av KLP har fått generell informasjon om pensjonsordningar i KLP tilbod om individuell pensjonsrettleiing. Arbeidsgjevar gav støtte til Utdanningsforbundet, som hadde eit tilsvarande arrangement for tilsette som er medlem i Statens pensjonskasse.

Per 31.12.2017 hadde kommunen ein aktiv på AFP 62-64 år. I 2017 var dette talet 7.

Tilsette som ynskjer å arbeide utover aldersgrense eller etter 67 år søkjer skriftleg om dette. Kommunen har generelt vore positiv til å inngå pensjonistavtalar med dei som er over 67 år. Særleg innan pleie og omsorg er pensjonistane viktige for fagdekninga i tenesta.

**5. Sjukefråvær:**

Tabellen nedanfor syner sjukefråværet i kommunen i perioden andre kvartal 2016 til første kvartal 2017. Statistikken er henta frå KS. Samanlikna med andre kommunar var Aurland kommune lågast i landet. I tilsvarande oversikt frå 2017 til 2018 ligg Aurland kommune som nummer 8 i landet.

**Tabell 11: Sykefraværsprosenter for perioden 2. kvartal 2016-1. kvartal 2017. Aurland kommune.**
**Kilde: PAI/KS**

| | | Egen- og legemeldt sykefravær | | I og utenfor arbeidsgiver-perioden | | Etter fraværstilfellenes lengde | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sektor | Samlet sykefravær | Egenmeldt sykefravær | Legemeldt sykefravær | Sykefravær i arbeidsgiver-perioden | Sykefravær utenfor arbeidsgiver-perioden | Sykefravær med lengde 1-3 dager | Sykefravær med lengde 4-10 dager | Sykefravær med lengde 11-40 dager | Sykefravær med lengde over 40 dager |
| Hele kommunen | 4,82 | 0,81 | 4,01 | 2,30 | 2,52 | 0,79 | 0,56 | 1,08 | 2,38 |
| Administrasjon | 1,19 | 0,77 | 0,42 | 1,19 | 0,00 | 0,74 | 0,45 | | |
| Undervisning | 1,94 | 0,48 | 1,46 | 1,25 | 0,70 | 0,41 | 0,35 | 0,73 | 0,45 |
| Barnehager | 9,73 | 0,82 | 8,91 | 2,05 | 7,68 | 0,76 | 0,33 | | 8,65 |
| Helse/pleie/omsorg | 6,16 | 1,04 | 5,11 | 3,31 | 2,85 | 1,12 | 0,62 | 2,01 | 2,40 |
| Samferdsel og teknikk | 1,07 | 0,54 | 0,53 | 1,07 | 0,00 | 0,47 | 0,60 | | |
| Annet | 16,98 | 0,84 | 16,14 | 4,13 | 12,86 | 0,27 | 2,02 | 0,64 | 14,06 |

Sjukefråværet er kommentert særskilt for kva eining seinare i dokumentet. Dei samla sjukefråværstala for kommunen er svært gode.

## 6. Likestilling – likeløn:

I samband med lokale lønsforhandlingar i 2017 fekk arbeidsgjevar utarbeidd løns- og personalstatistikk. Statistikken er basert på PAI-registeret og statistikk frå KS. Det er primært 2016 tall som er nytta i statistikken som gjeld likestilling og likeløn.

**Tabell 5**
**Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorer i Aurland kommune**
**Pr. 1.12.2016 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare hovedstillinger.**

| | Antall | | Andel (i prosent) | |
|---|---|---|---|---|
| Sektor | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| I ALT | 194 | 70 | 73 | 27 |
| Sentraladministrasjonen | 25 | 13 | 66 | 34 |
| Oppvekst | 53 | 15 | 78 | 22 |
| Grunnskole | 26 | 11 | 70 | 30 |
| Barnehager | 21 | 0 | 100 | 0 |
| Fritidshj/skolefritidsordn | 5 | 0 | 100 | 0 |
| Øvrig oppvekst | 1 | 4 | 20 | 80 |
| Helse/sosial | 109 | 17 | 87 | 13 |
| Administrasjon | 6 | 2 | 75 | 25 |
| Alm helsevern | 9 | 4 | 69 | 31 |
| Alders- og sykehjem | 45 | 3 | 94 | 6 |
| PU | 7 | 1 | 88 | 13 |
| Hjemmehjelp/-sykepleie | 30 | 4 | 88 | 12 |
| Sosialhjelp | 4 | 0 | 100 | 0 |
| Edruskapsvern | 2 | 0 | 100 | 0 |
| Andre virksomheter | 6 | 3 | 67 | 33 |
| Kultur | 4 | 1 | 80 | 20 |
| Teknisk sektor | 3 | 21 | 13 | 88 |
| Ymse | 0 | 1 | 0 | 100 |
| Uoppgitt | 0 | 2 | 0 | 100 |

Tabell 5 syner at total kvinnedel i kommunen er 73%. Merk at kategoriane i tabellen ikkje samsvarer med Aurland kommune si organisering. 4 av 12 tenesteleiarar og administrative leiarar i Aurland kommune er menn. Dette gjev ein kvinnedel på 67%. Det er ikkje gjennomført tiltak i 2017 for å betre rekruttering av menn.

Tabell 3, nedanfor, syner at kvinner i Aurland kommune generelt har lågare løn enn menn. Ser vi på statistikken justert for stillingskode syner statistikken at menn og kvinner har om lag lik månadsløn er 01.12.2016. Utviklinga har vore positiv frå 2014. Justering for stillingskode tek i stor grad høgde for

lønsskilnad som skuldast kvinner og menn sine ulike yrkesval. Kommunen har ikkje fått utarbeidd nyare statistikk for likelønn.

**Tabell 3**
**Lønnsforhold justert for ulike faktorer. Aurland kommune.**

**Gjennomsnittlig fortjeneste pr. månedsverk og gjennomsnittlig grunnlønn pr. månedsverk for kvinner i prosent av menns lønn. Tall pr. 1.12.2014, 1.12.2015 og 1.12.2016.**

| Justert for | Årstall 2014 | | 2015 | | 2016 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinners grunnlønn i prosent av menns | Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinners grunnlønn i prosent av menns | Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinners grunnlønn i prosent av menns |
| Ujustert | 87,1 | 85,9 | 89,4 | 88,0 | 86,6 | 84,6 |
| Alder | 88,1 | 86,9 | 89,0 | 87,2 | 86,4 | 83,9 |
| Ansattgruppe | 95,1 | 96,5 | 96,2 | 97,4 | 96,7 | 97,2 |
| Stillingskode | 95,0 | 97,3 | 96,5 | 98,2 | 99,1 | 100,5 |
| Utdanning | 88,5 | 88,1 | 94,3 | 92,7 | 95,4 | 96,5 |

Tallene uttrykker hva kvinners lønn som andel av menns lønn ville vært dersom kvinner og menn hadde hatt samme årsverksfordeling innenfor hver av variablene det er justert for. Tallene justert for ansattgruppe eller stillingskode bør brukes som mål på kjønnsforskjell i lønn, siden tallene i stor grad holder utenfor den delen av lønnsforskjellen som skyldes ulike yrkesvalg.

## 7. Arbeidsmiljø og ytre miljø:

Det er ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2017.

Aurland kommune har samarbeid med mange eksterne aktørar i samband med tenesteyting og samfunnsutvikling. Dette kan vere andre offentlege aktørar på statleg, regionalt og kommunalt nivå, frivillige lag og organisasjonar eller privat næringsliv.

# Folkevalde

*Politisk organisering vedteke frå konstitueringa hausten 2015*




**Større politiske saker som er handsama:**

- Revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget
- Omstilling av pleie og omsorg
- Torghandel i Aurland kommune
- Eigarskapsmelding Aurland kommune
- Ny barnehage – val av plassering
- Utviding av Fretheimshaugane – val av tomtedeling
- Utviklingsmeldinga for oppvekst Aurland kommune
- AIS – rehabilitering av symjebasseng, terapibad og garderobar
- Nytt finansreglement
- Sørviserklæringar
- Utviding av Fretheimshaugane – gjennomføring av utbygging
- Gjennomføring av borgarlege vigslar
- Ny forskrift om torghandel i Aurland kommune
- Politiråd i Aurland – ny samansetting – avtale for politiråd
- Tenestestandard – pleie og omsorg
- Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad
- Forvaltningsrevisjonsrapport – spesialomsorg
- Nynorske litteraturdagar – intensjon om langvarig tilskot
- Kommuneplanen sin handlingsdel 2018 – 2021
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse
- Økonomiplan 2018 – 2021
- Budsjett 2018

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert Bud 2017 | Rekneskap 2017 | Rekneskap 2016 | **Forbruk 2017 i prosent** |
|---|---|---|---|
| 3.007.339 | 2.831.764 | 3.339.429 | 94,2 % |

Reduksjonen i utgifter til politisk verksemd skuldast i all hovudsak reduksjon i tal møter. I tillegg er det redusert tal tilsette som deltek i politisk arbeid.

**Møteaktivitet i dei faste politiske organa har vore slik:**

| Utval | 2016 | 2017 |
|---|---|---|
| Kommunestyre | 9 | 8 |
| Formannskapet | 16 | 16 |
| Fondstyre | 6 | 3 |
| Kommunalt klageorgan | 4 | 1 |
| Kommuneplannemnd | 6 | 2 |
| Administrasjonsutvalet | 10 | 5 |
| Næringsutvalet | 5 | 1 |
| Valstyret | 1 | 2 |
| Omsorg, oppvekst og kultur | 9 | 9 |
| Plan og utvikling | 11 | 10 |
| Prosjekt, drift og eigedomsutvalet | 9 | 9 |
| Takstnemnd for eigedomsskatt | 1 | 1 |
| Tal politiske møter | 87 | 67 |
| *Aurland Eldreråd* | 9 | 7 |
| *Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne* | 0 | 0 |
| Tal møter per år alle utval | 96 | 74 |

Aurland kommune har per no ikkje Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne

# Rådmannsfunksjonane

Steinar Søgaard (administrativ leiing og stab) og
Norunn Haugen (støtte)

**Kjerneoppgåver:**

- Rekneskap, fakturering og lønn for Aurland og Lærdal kommune
- Politisk sekretariat
- Informasjon og sentralbord
- Arkiv
- Private og kommunale reguleringsplanar
- Landbruk

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

Planavdelinga er kommunen sin kontakt i høve til mange eksterne samarbeidspartar. Støttefunksjonane har ansvar for opplæring, drift og systemansvar innanfor sine fagområde.

**Viktige hendingar:**

- Stortingsval i september 2017
- Bustadpolitisk handlingsplan – oppstart
- Områdeplan for Undredal – offentleg ettersyn
- Ny tilkomst til nedre del av Ty – val av alternativ
- Områdeplan for Flåm sentrum - Ny oppstart og høyring av planprogram
- Ny bru til Flåm skule – oppstart
- Lokalisering av ny barnehage – endeleg val av lokalisering
- Reguleringsendring for Smiebakken – felt B1 (privat) – vedtak av plan
- Reguleringsendring for Br Wangen (privat)- oppstart
- Reguleringsplan for Myrdal stasjon (BaneNOR) – oppstart
- Reguleringsplan for Innsegling til Flåm (kystverket) – vedtak av planprogram
- Reguleringsplan for Mjølfjell – Brandset (Forsvaret) – offentleg ettersyn
- Reguleringsendring Stegastein (Statens vegvesen)- vedtak av plan
- Reguleringsendring - Li hyttefelt (privat) - offentleg ettersyn
- Reguleringsendring – Orøyane( privat) – prosess etter offentleg ettersyn
- Rullering og vedtak av nytt finansreglement
- Rullering og vedtak av lønspolitiske retningslinjer

**Utviklingsområde/prosjekt:**

- Vidareutvikle årshjul
- HMS-arbeid – revisjon av varslingsrutinar, temadag om førebygging og handtering av mobbing og konflikt og arbeid med ROS-kartleggingar
- Bemanningsplan for administrativ leiing, stab og støttefunksjonar. Organisasjons-, kompetanse- og bemanningsplan for resten av organisasjonen blir ikkje starta opp før i 2018.
- Arbeid å kvalitetssikre KOSTA-føringar
- System for vedtaksoppfølging
- 7 private reguleringsplanar i prosess, samt 7 kommunale område- og detaljreguleringsplanar
- Arbeid med reguleringsplan for Terahagen, ny barnehage er ikkje starta opp på grunn av at det ikkje er kapasitet innan plan. Kommunen har etterslep på lovkrav om digitalt planregister.
- For å auke kapasitet på sakshandsaming er det gjort mellombels avtale med teknisk om handsaming av private reguleringsplanar, sakshandsaming ved dispensasjonssaker ligg frå før til teknisk.

- Avlevering av eldre papirarkiv og personregistermateriale til fylkesarkivet er godt i gang.

**Resultatvurdering:**

**Indikatorar/nøkkeltal (Kommunekompasset, tenestanalyse, utviklingsmeldinga mm):**
Kvalitetssikring av KOSTRA-føringar syner at kommunen ikkje fører utgifter på KOSTRA-funksjon 120 i tråd med rettleiar. Noko blir retta opp i 2017 og noko blir retta opp i 2018.

Innan plan og HR er det ikkje kapasitet til å møte forventningane slik det er i dag. Kommunen kan anten auke kapasitet eller halde fram med streng prioritering.

Plansjefen er fast deltakar i bustadnettverk Sogn og mentorordning for nye planleggarar som KS og fylkeskommunen arrangerer. I tillegg har plansjefen delteke som bisittar i verdsarvrådet og verneområdestyret. Det er eit etterslep på det digitale planregisteret.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert Bud 2017 | Rekneskap 2017 | Rekneskap 2016 | Forbruk 2017 i prosent |
|---|---|---|---|
| 9.298.632 | 10.563.721 | 11.414.620 | 113,6 % |

Rekneskapen syner eit underskot på 1,3 mill som tilsvara eit meirforbruk på vel 13%. Meirforbruk på om lag 100.000 er knytt til porto, papir m.m. Det er førespegla at auka bruk av digital postkasse skal gjere at utgiftene i 2018 samsvarer med budsjett. Om lag 150.000 er meirutgifter til landbruk. Dette er ei teneste som kommunen kjøper av Lærdal kommune. Det blir levert eiga årsmelding for landbruk.

Resten av underskotet kan forklarast ved at administrasjonen ikkje har klart å tilpasse drifta til den rammereduksjonen som kommunestyret vedtok på 1 million. Dette arbeidet må eventuelt halda fram i 2018.

**Medarbeidarar:**

| Kortidsfråvær pr. 31.08 | Langtidfråvær pr. 31.08 | Sjukefråvær totalt |
|---|---|---|
| 1,1 | 0,7 | 1,8 |

Sjukefråværet ved sentraladministrasjonen har vore lågt i 2017.

Det er ikkje gjennomført ny medarbeidarundersøking i 2017, slik at fokusområda frå 2016 framleis er gjeldande.

Det er jobba med tiltak for å etablere ein tenleg møtestruktur som tar i vare både behovet for fagleg samordning/nettverk og behovet for personalmøte.
Eininga har hatt samarbeid med bedriftshelsetenesta om gjennomføring av HMS-handlingsplan.

Det var 6 menn og 12 kvinner tilsett ved eininga i 2017 (samla bemanning ansvar 110 og 900). Alle tilsette har 100% stilling i kommunen.

# Nøytrale inntekter/kostnader

Steinar Søgaard

**Kjerneoppgåver:**
Stabsfunksjonar:

- Næring og tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet
- Beredskap og klima
- Vassforvaltning
- Koordinering oppvekst og tilskot til private barnehagar
- Samfunnsplanlegging og digitalt planregister
- IKT-utvikling og arbeid med digitalisering

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Fagstillingane i stab har ansvar for overordna oppgåver knytt til samfunn, klima og næring. I tillegg ligg koordinering av oppvekstområdet til ei fagstilling i stab. Koordinering av helse og omsorgsområdet ligg til tenesteleiar for helse og førebygging. Koordinering av innkjøpsområdet ligg og til tenesteleiar for helse og førebygging.
IKT, kompetansemidlar, HMS-fond og velferdsmidlar er fellesfunksjonar som ligg på nøytrale inntekter/utgifter.

**Viktige hendingar:**

- Symposium for Aurlandsvangen – tettstadutvikling Aurlandsvangen
- Strategisamling med kommunestyret i samband med rullering av kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan
- Frukostmøte og andre dialogmøte med næringslivet
- Søknad om nytt varslingsprosjekt Flaum og flaumskred til 3 million 2018 til 2021.
- Etablering av datalagringsprosjekt i Vassbygdi Næringspark Green Data Center investerer kr 30 mill. Energileveranse 3.7 MW
- Det er med kommunalt bidrag bygd ut breiband til Dalen og øvre del av Flåm (frå Lunden og opp til Ølpa med Håreina og Ryum/Indrelid).

**Mål/utviklingsområde :**

- Energi og miljøsats i Aurland (EMSA) – prosjekt
- Lokal klimatilpassing og tidleg varsling – prosjekt.
- Samordning av tenester til barn og unge - prosjekt
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø – prosjekt
- I 2017 har vi oppgradert til ny versjon av sak/arkivsystemet. I samband med dette er det innført KS SvarUt og SvarInn (system for digital utsending og mottak på ein sikker og trygg måte).
- Det skuleadministrative systemet er bytta ut og det er også innført administrativt system for barnehagane.

**Resultatvurdering:**

- Rullering av handlingsprogram for næring er starta opp og blir handsama i samband med budsjett for konsesjonsavgiftsfondet tidleg i 2018.
- Vedteken planstrategi og om prioritering av planarbeid ligg til grunn for prioriteringar innanfor plan. Rullering av kommuneplanen og kartlegging av friluftsområde er såleis ikkje starta.
- Kommunestyret har vedteke eigarskapsmeldingar. Eigarskapsmeldingar ligg til grunn for arbeidet med kommunalt eigarskap.
- Utleige av industribygget i Vassbygdi til nytt selskap føremål Datalagring
- Revisjon av overordna ROS og beredskapsplan(inklusiv aktørplan

Joasetberget) er starta og vert fullført i 2018.

- Nytt prosjekt om varsling av flaum og flaumskred. Søknad utarbeida i samarbeid med konsulentselskap.
- Vassforvaltning – kommunen har i 2017 utført kartlegging av kjemiske og biologiske tilhøve i vassdraga. Rapport skal føre til tiltak og overvaking i samarbeid med Lærdal kommune.
- Kommunen har hatt ein del oppfølging i samband med avgjerd om nedslakting av villreinstamma i Vestfjella
- IKT og digitalisering er eit kontinuerleg arbeid. I 2017 har vi mellom anna oppgradert til ny versjon av sakarkivsystemet.
- Nye krav til personvern inntrer mai 2018. Kommunen er i gang med å førebu seg på å møte dei nye krava.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert Bud 2017 | Rekneskap 2017 | Rekneskap 2016 | Forbruk 2017 i prosent |
|---|---|---|---|
| 11.218.313 | 11.478.309 | 28.241.236 | 102,3 % |

Rekneskapen syner eit meirforbruk på om lag 200.000. Meirforbruket skuldast endra føring av lisensar frå kapital til drift

Andre fellesutgifter: Det er nytta 500' mindre til HMS tiltak og kompetansetiltak enn budsjettert i 2017. Velferdsmidlane er fordelt på einingane og nytta fullt ut.

**Medarbeidarar:**

| Kortidsfråvær pr. 31.12 | Langtidfråvær pr. 31.12 | Sjukefråvær totalt |
|---|---|---|
| 1,4 | 4,1 | 5,5 |

Eininga har hatt lite korttidsfråvær, slik at det samla sjukefråværet primært skuldast langvarig fråvær.

Når det gjeld arbeids med HMS blir det vist til årsmelding for ansvar 110 (rådmannsfunksjonane).

# Kultur

Tenesteleiar Martin Hendriks

**Kjerneoppgåver:**
Kulturadministrasjon: kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Folkehelse, Fritid, Idrett, Galleri Vinjum. mm.
Kulturvern, Folkebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og Ungdom

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

- Sti- og løypeplan i samarbeid med plan og næring. Under arbeid.
- Sørviserklæring for kulturskule er vedteken, øvrige delar følger.
- Kulturminneplan i.s.m. plan- bygg og landbruk. Arbeid i rute etter planprogram, forventa at høyringsutkastet blir lagt fram i Haust 2018
- Vidareførar arbeidet mellom Aurland fritidsklubb og Nærøyfjorden verdsarvpark, skilting i Kulturstien ved Sjh.

**Viktige hendingar:**

- Kulturskulen er flytta til midlertidige lokal i ABU-område, grunna rehabilitering av symjebasenget.
- Ny biblioteksjef i 20% på plass per 1. oktober.
- Grunna rehabilitering av Heradshuset er kulturadministrasjonen midlertidig plassert i biblioteklokalar. Publikumsaktivitetar (diverse utstillingar Vinjum, E-co og Lokalhistorisk) er stengd.
- Aurlandsprisen 2017 vart tildelt ein person, og det var Eilef Arne Vikesland. Han fekk prisen for mangeårig og kreativ innsats med å formidla natur, kultur og folkeliv i Aurland til heile verda gjennom sine bilete.
- Aurlandsmarsjen 2017 vart arrangert 30. juli. Det var 68 påmeldte deltakarar som gjekk marsjen.
- Sogn og Fjordane Teater hadde framsyning i Aurland 8. mars i 2017. Dei vitja Aurland med framsyninga Evig Ung. Mykje folk, og 113 selde billettar.
- Gjennomført UngKulturMøtes ( UKM ) lokalt og fylkesnivå.
- NRK Sommartoget 2017

**Mål/utviklingsområde :**
(årshjul – eigne def mål/utvikling, statlege føringar, politiske vedtak)

- Frivillighetsmelding, oppstart 2018
- Rullering av handlingsprogram Fysisk aktivitet og folkehelse - haust
- Implementering av Rammeplan i kulturskulen
- Bibliotekutvikling
- Fysisk arbeidsmiljø: handlingsplan etter vernerundane

**Resultatvurdering:**
**Indikatorar/nøkkeltal (Kommunekompasset, tenestanalyse, utviklingsmeldinga mm):**
(Tabelloppsett m kommentar under – kommunekompasset, kommunebarometeret, objektive standardar)

**Kommunebarometeret 2017**

| **Kultur** rangering | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** (foreløpig) |
|---|---|---|---|---|
| | 2 | 5 | 10 | 5 |

Konklusjon: tilbake på 2015-nivå i 2017

# Kulturindeks 2017
## Kulturkartet




Kommunene er rangert ut frå de indikatorene som er målt basert på innsamlet data om kulturtilbud og kulturaktivitet. De røde kommunene er de som rangerer lavest, mens de mørkeblå kommunene rangerer i toppsjiktet.

**Nokre tabellar frå Kulturindeksen 2017 for Sogn og Fjordane (Telemarksforskning):**

Tabell 3: Sogn og Fjordane sine strukturelle forutsetninger (grønn=over snitt, rød=under snitt. Kilde: SSB/ KOSTRA.

| | Kulturutgifter pr. innbygger | Utdannings nivå | Andel beseksnæring | Folketall | Arbeidsmarkedsintegrasjon | Netto utpendling | Andel offentlig ansatte | U/H | Kulturhus |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Snitt hele landet** | 1 792 | 28 % | 21 % | 12 520 | 0,00 | 14,55 | 38 % | 0,13 | 0.27 |
| **Median, hele landet** | 1 470 | 26 % | 20 % | 4 769 | -6,14 | 12,50 | 37 % | 0 | 0 |
| Ardal | 1 642 | 26 % | 12 % | 5 363 | -37 | -5,6 | 26 % | 0 | 0 |
| Askvoll | 811 | 27 % | 18 % | 3 065 | -20 | 22,4 | 38 % | 0 | 0 |
| Aurland | 2 542 | 28 % | 40 % | 1 787 | -26 | 6,1 | 40 % | 0 | 0 |
| Balestrand | 1 016 | 35 % | 21 % | 1 288 | -22 | 20,1 | 47 % | 0 | 0 |
| Bremanger | 2 495 | 23 % | 12 % | 3 847 | -33 | 9,8 | 39 % | 0 | 0 |
| Fjell | 1 711 | 32 % | 26 % | 6 064 | -19 | 6,4 | 38 % | 0 | 1 |

Tabell 5: Kommunene i Sogn og Fjordanes rangering (av 426) i de ulike kategoriene.

| Kommune | Kunstnere | Kulturarbeidere | Museum | Konserter | Kino | Bibliotek | Scene kunst | Kulturskole | DKS | Tildelinger | Frivillighet | Samlet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Førde | 94 | 4 | 67 | 69 | 55 | 58 | 4 | 212 | 6 | 243 | 134 | 14 |
| Balestrand | 113 | 76 | 293 | 178 | 29 | 161 | 67 | 31 | 354 | 33 | 48 | 31 |
| Gloppen | 61 | 19 | 96 | 356 | 106 | 62 | 40 | 130 | 148 | 246 | 23 | 35 |
| Sogndal | 136 | 147 | 24 | 6 | 5 | 89 | 25 | 321 | 166 | 312 | 194 | 43 |
| Jølster | 105 | 96 | 266 | 226 | 305 | 137 | 27 | 161 | 183 | 69 | 35 | 73 |
| Aurland | 252 | 70 | 376 | 33 | 130 | 121 | 177 | 32 | 192 | 92 | 176 | 87 |
| Eid | 184 | 60 | 332 | 2 | 105 | 319 | 62 | 116 | 218 | 341 | 25 | 100 |
| Solund | 265 | 57 | 376 | 247 | 138 | 401 | 89 | 77 | 234 | 19 | 2 | 127 |

Tabell 7: Forbedringspotensial for kommunene i Sogn og Fjordane og gjennomsnittlig forbedringspotensial for kommunene i Sogn og Fjordane på en skala fra 1 (svært lite forbedringspotensial) til 10 (svært høyt forbedringspotensial) i de ulike kategoriene.

| | Kulturarbeidere | | | Konserter | Bibliotek | | | Teater | | | Kunstner | Museum | Kino | | Kulturskole | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Formidling | Kunst. prod. | Media | Konserter | Besøk | Aktive lånere | Utlån | Teater-forest. | Teater-publik. | Danse-forest. | Tetthet | Besøk | Besøk | Frem_visn. | Elever | Timer |
| Ardal | 8 | 10 | 8 | 9 | 1 | 5 | 8 | 7 | 7 | 9 | 10 | 8 | 2 | 4 | 1 | 1 |
| Askvoll | 8 | 3 | 8 | 3 | 6 | 9 | 9 | 1 | 1 | 1 | 4 | 7 | 6 | 6 | 7 | 9 |
| Aurland | 2 | 3 | 10 | 1 | 8 | 7 | 8 | 9 | 9 | 6 | 9 | 8 | 3 | 2 | 2 | 7 |
| Balestrand | 1 | 4 | 10 | 1 | 5 | 4 | 1 | 2 | 2 | 8 | 3 | 10 | 1 | 1 | 1 | 3 |

*Kommentar: det er i Aurland kommune forbetringspotensial for: media, bibliotek, teater, museum og tall timer per elev i musikk- og kulturskulen.*

*Media og bibliotek har ein samanheng og skal takast i samanheng med framtidsplan for Heradshuset. Dette gjeld også museumbesøk. Galleri Vinjum og Sivleutstilling vart stengd i 2017 grunn renovering av huset, men blir uansett ikkje rekna som formelt museum. Det kan kanskje vurderast i framtida.*
*Teater: dette gjeld tall framsyningar og publikum i kommunen.*

